

7



Statens vegvesen

Per Mulvik AS
Holmen 7
6100 VOLDA

Jan Magnus Ose

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:
24/149735-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
10.06.2024

Uttale til varsel om planarbeid knytt til detaljregulering for "E51 – Kroknesvågen" i Vanylven kommune. PlanID: 1511-202304

Vi viser til oversending 31.05.2024.

Saken gjeld

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for vidare drift og potensiell utvikling av eksisterande fiskerinæring. Planformålet er i samsvar med formålet industrinæring (E51) og hamneområde (H10) kommuneplanens arealdel.

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga.

Vi skal bidra til å følgje opp FNs berekraftsmål retta mot transportsektoren gjennom oppfølgingar av NTP-måla der hovudmålet er eit effektivt, miljøvennleg og trygt transportsystem i 2050. Under er det fem likestilte mål;

- Meir for pengane
- Effektiv bruk av ny teknologi
- Bidra til oppfyljing av Noregs klima- og miljømål
- Nullvisjon for drepne og hardt skadde og enklare reisekvardag
- Auka konkurranse for næringslivet

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine eigne kulturminne, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Vårt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikktryggleik, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Gjennom vårt

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset. Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

sektoransvar skal vi bidra til samarbeid mellom aktuelle myndigheter, næringsliv og innbyggjarane med mål om ei berekraftig utvikling.

Våre innspel

Så lenge ein legg føresegner og føringar i kommuneplanen til grunn for planlegginga, har vi ingen merknader til at det startast planarbeid her.

Vegen Krokneset er i nasjonal vegdatabank registrert som privat veg. Dette vil sei at koplinga til fv. 61 er å sjå på som ei avkøyrslø. Ved auka/endra bruk, som følgje av planlegginga, vil dette krevje løyve til utvida/endra bruk av avkøyrsla dersom den ikkje er godkjent med vedtatt reguleringsplan, jf. vegloven § 40. I utgangspunktet tilrår vi at ein utvidar planområdet slik at Krokneset, inkludert avkøyrsla frå fv. 61, blir teke med i reguleringsplanen. Dersom ein ikkje gjer det, må det søkast om løyve frå vegmyndigheitene om utvida bruk etter veglova § 40. Det må da også stillast rekkeføljekrav i reguleringsplanen om at ny utbygging ikkje kan skje før eit slik løyve ligg føre.

Vurderingar knytt til Krokneset sin utforming med omsyn til trafikktryggleik og framkome for alle trafikantgrupper må uansett vurderast. Dette må gå fram av planomtalen.

Transportforvaltning midt
Med helsing

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE

MULVIK AS
Holmen 7
6100 VOLDA

Dykkar ref:
Vår ref: 2024/121845
Dato: 18.06.2024
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel



UTTALE TIL VARSEL OM OPPSTART AV DETALJREGULERING FOR E51 - KROKENESVÅGEN I VANYLVEN KOMMUNE - PLANID 1511- 202304

Viser til dykkar brev datert 31. mai 2024 der ein ynskjer innspel til oppstart av detaljregulering for Krokenesvågen i Vanylven kommune. Målet med planarbeidet er å legge til rette for vidare drift og mogleg utvikling av eksisterande næring knytt til fiskeri. Det inneber mellom anna oppgradering av kai, naust og lager.

Mattilsynet sitt ansvar og medverking

Mattilsynet er eit statleg, landsdekkjande forvaltingsorgan som mellom anna ivaretar tilhøva rundt drikkevatn, men også innan plantar, dyr, fisk og næringsmidlar.

Vurdering

Vi har vurdert saka ut i frå omsyn til drikkevatn, akvakultur, fiskehelse, fiskevelferd, dyrehelse, dyrevelferd, plantehelse og næringsmidlar.

Når det gjeld drikkevatn, ser vi at det er eit krav at bygningar skal koplast til kommunal vassforsyning. Vi kan ikkje sjå at der kan oppstå konflikt med eventuelle private brønnar i nærleiken i denne saka.

Det finst pr i dag ingen akvakulturanlegg i nærleiken. Det næraste er Stokkeneset og Rekvika i Stad kommune, og Brudevika ute i Vanylvsfjorden. Tiltaket vil, slik vi ser det, ikkje råke desse anlegga.

Konklusjon

Vi kjenner ikkje til andre forhold som vil ha innverknad på våre forvaltningsområder i denne planen, og har derfor ingen merknader til saka.

Med helsing

Lennart F. Berge
seksjonssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*



Mulvik As
Jan Magnus Ose
Holmen 7
6100 VOLDA

Dykkar	Dykkar	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
ref:	dato:	24/15093 - 24/74895	Synnøve Valle - 712 80 239	01.07.2024
	28.05.2024			

Vanylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan - E51 Krokenesvågen - gbnr 38/8 mfl - fråsegn til oppstart

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld oppstart av regulering i Krokenesvågen. Målet med reguleringa er å legge til rette for vidare drift og potensiell utvikling av eksisterande næring knytt til fiskeri i område E51 i kommunens arealdel. Det er sett krav om detaljregulering før utbygging.

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Kulturminne i sjø

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Museet kjenner ikkje til kulturminne i Krokenesvågen som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Vi gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil vere i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Samferdsel

Trafikktryggleik – krav om utgreiing

Ein planomtale må så langt det er relevant i den enkelte saka drøfte trafikkauke, trafikkløysingar for personbil, avfallshandtering, varetransport, ferjetrafikk, kollektivtrafikk, parkering, samt situasjonen for mjuke trafikantar og skolebarn. Ferdsel langs og kryssing av fylkesvegen for desse gruppene skal alltid vurderast.

Omtalen må ta for seg heile arealet innanfor plangrensa og influensområdet, dvs. område utanfor planområdet som planforslaget har innverknad på. Vurderingane må omfatte noverande/eksisterande situasjon, omtale av planforslaget, verknader av planforslaget og eventuelle avbøtande tiltak.

Avkøyrsl


Fylkesveg 61 har på strekninga ein gjennomsnittleg årstdøgntrafikk på 962 køyretøy, og fartsgrense 80 km/t. Fylkesvegen er i rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrensar gitt haldningsklasse 1-*meget streng* og ei generell byggegrense på 50 meter målt frå senterlinje fylkesveg. I denne haldningsklassen vil nye avkøyrslar og utvida bruk av eksisterande avkøyrslar - utanom til primærnæring som er bunden til areala – berre blir godkjende etter reguleringsplan, og i tråd med kommune(del)plan.

Planområdet er knytt til fv. 61 via privatveg Krokeneset. Dersom planforslaget legg opp til ein auka/endra bruk av avkøyrslar og/eller talet på store køyretøy aukar må det bli søkt om avkøyrslsløyve. Vi er samde med Statens vegvesen i at ved auka/endra bruk bør planområdet bli utvida til også å omfatte avkøyrslar. Avkøyrslar må da bli regulert i tråd med Statens vegvesen si handbok N100, og det må bli knytt rekkefølgekrav til utbetring av avkøyrslar i tråd med vegnormalane.

Frisikt

Dersom planområdet blir utvida til å omfatte avkøyrse, minner vi om at friskt må bli vist i plankartet.

Frisiktssoner som berre går over vegareal (fortau, gang- og sykkelveg, køyreveg, annan veggrunn), kan visast som *frisiktline*. Døme:



Frisiktssoner som går over annan person sin eigedom eller anna byggeformål enn vegformål, må visast som omsynssone i plankartet og det må bli knytt føresegn til omsynssona.

Innanfor frisktsonen er sikthindrande element ikkje tillate, jf. krav i vegnormal N100. Eksempel på sikthindrande element er parkeringsplassar og rekkverk.

Rekkverk

Det er etablert rekkverk i siktsona i avkøyrse mot vest. For eksisterande sikthindrande rekkverk kan ei løysing vere å fjerne rekkverket, eller flytte det ut av frisktsona. Fjerning/flytting av rekkverk føreset at sideterrenget blir utforma etter krava i vegnormal N101 om trafiksikkert sideterreng.

Fråvik

Dersom planforslaget krev fråvik, må fråviket vere behandla før planforslaget kan bli vedtatt. Om fråvik ikkje blir avklart tidleg nok, kan fråvik som ikkje blir godkjent føre til forseinkingar i planprosessen. Ta gjerne kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune ved spørsmål om fråvik og fråviksbehandling. For nærare informasjon om søknadsskjema og rettleiing, sjå: [Korleis søke om fråvik frå vegnormalane \(mr fylke.no\)](http://mr fylke.no) og [Fravik fra krav i vegnormal | Statens vegvesen](#).

Konsekvensar av fråvik skal utdjupast i fråviksskjemaet i forhold til løysingar utan fråvik. Søkaren skal vurdere alternative eller avbøtande tiltak for å redusere eventuelle negative konsekvensar av fråviket. Konsekvensane skal vere objektivt framstilte og i størst mogleg grad kvantifiserte.

KONKLUSJON

Vi viser til merknadene våre og ber om at desse vert tekne med i arbeidet med planen.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
seksjonsleiar

Synnøve Valle
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Statens vegvesen

Statsforvaltaren i Møre og

Romsdal

Vanylven kommune

Fagsaksbehandlar:

Samferdsel: rådgivar Eirin Husby Frey, tlf. 71 28 00 42

Jan Magnus Ose

Fra: Lina Grisiene <llineja@gmail.com>
Sendt: måndag 8. juli 2024 20:04
Til: Jan Magnus Ose; wainius 188 Grisius
Emne: E51 Krokenesvågen .Plan ID:1511-202304

Hei
Vedrørende plan til regulering på vår eiendom 38/2 og 38/13, der det er planlagt næring med Fiskeri. Vi ønsker at det ikke blir tiltenkt bare fiskeri, slik som i fremtiden, så veit vi ikke omidet er fiskere igjen i kommunen.

slik som i dag har vi små barn, og vi ønsker ikke dei skal være låst til å bli fiskere for å bruke egen strandsone.

Og slik som i dag, ser vi ikke noe positivt for vår del med denne reguleringen, og ønsker ikke noe utgifter med dette.

Mvh
Lina Grisiene

Til: Jan Magnus Ose
Mulvik AS,
Holmen 7,
6100 Volda

Jevnaker 8. juli 2024

Ad. Varsel om oppstart av detaljregulering for «E51- Krokenesvågen» i Vanylven kommune, Plan ID: 1511-202304.

På vegne av Osnes Sameie, Gnr/bnr. 38/1, har jeg følgende merknader til detaljplanlegging gbnr. 38/8 med flere, i Vanylven kommune.

Styret og eierne av Krokeneset 35, er positive til planen om ytterligere fiskerinæring i Krokenesvågen.

Vi har likevel følgende merknader i forbindelse med konsekvenser for oss slik plandokumentene nå er beskrevet.

AD pkt.2.3 Planlagt bosetning, anlegg og andre tiltak

1. Tilkomst og trafikk.

Vi ser at det i krysset mellom vår eiendom og Haugen sin eiendom er planlagt å ta ut et stort stykke matjord. Det er ikke akseptabelt fra vår side å gi fra oss dette. Dersom det er behov for å utvide vegområdet/svingradius så må dette gjøres innenfor Haugen sitt eget område.

Vi ønsker å beholde grensen slik den er i dag

2. Bruk av privat vei.

Det antydes at det ikke vil påføre vår private vei ytterligere trafikk som konsekvens av de nye planene. *Dette ber vi om blir nøyere vurdert i den videre prosessen.*

Vi har allerede i dag store problemer med veien på grunn av årevis tungtransport frem og tilbake. Det er blitt fraktet store mengder med stein ned til sjøen på begge sider av neset. Veien går gjennom vårt tun. Vi har plikt til å sikre beboerne tilkomst og gjør det selvfølgelig gjerne.

Men vi har i årevis sett at veien er blitt misbrukt til «virksomhet» som vi ikke har fått noe varsel om.

Vi har ved flere anledninger snakket med Johannes Haugen om dette, uten at utbedring er gjort. Vi har også snakket med kommunen om dette tidligere.

I dag er tilstanden med veien uholdbar; med dype hjulspor. Personbiler kan ikke kjøre i de vanlige sporene uten at bilen skrapet ned i. (Sist uke måtte jeg kjøre med hjulene ut på kanten av vegen og med et hjulsett opp i midten)

Vi ønsker en midlertidig utbedring allerede nå. Uten kostnader lagt på oss.

3. Ytterligere bebyggelse

Forslagsstiller ønsker «frihet til å sette opp bygninger».

Om dette har vi følgende kommentar:

Det er tidligere blitt satt opp flere brakker på eiendommen til Haugen uten at vi har mottatt noe nabovarsel eller er blitt fortalt om planene. Brakkene var svært sjenerende slik de ligger i forhold til vår eiendom. I dag er brakkene bygget inn og ser penere ut, men de er fortsatt sjenerende slik de ligger i terrenget.

Poenget med å trekke frem dette er at vi som nærmeste naboer bør ha krav på å få varsel som griper inn i vår eiendoms beskaffenhet.

Vi ønsker for fremtiden å bli løpende orientert om næringsvirksomhet, eventuell utbygging og ikke minst om veiplaner/tilkomst, i tråd med tidsplanen slik denne er lagt.

4. Hamneområdet.

Det er beskrevet i planen at det kan bli aktuelt «å fylle noe i sjø» ettersom det kan være nødvendig for den nye næringa.

Slik området ned til sjøen nå er fylt ut med enorme steinmasser, så ser dette svært naturstridig ut. Vi spør oss om lovligheten av dette, Og at det i forbindelse med fiskerinæringen bare blir gjort inngrep som ikke er lovstridig.

På motsatt side av Krokenesvågen ligger Mjågeneset som er et vernet område og som ligger inn under 38/1, vår eiendom.

Vi ber også om at det ved å utvide i sjøen blir tatt hensyn til dette.

Oppsummert:

Vi er positive til næringsutviklingen. Vi ønsker et godt forhold til våre naboer og at avtaler som inngås er i samsvar med alles plikter og rettigheter.

Vi har tidligere samarbeidet godt med familien Haugen. Som eksempel kan nevnes da Krokeneset ble tilknyttet kommunalt vann; der vi delte på arbeid og kostnader.

I det daglige har vi en god tone.

Bekymringene fremover er knyttet til de punkter som er beskrevet.

Med vennlig hilsen

Hallgjerd Osnes

Styreleder Osnes Sameie.

Tlf. 90121942

osnes@considium.no

Jan Magnus Ose

Fra: Torstein Haugen <thaugen@tussa.com>
Sendt: måndag 8. juli 2024 23:46
Til: Jan Magnus Ose
Emne: E51 Kroknesvågen id 1511-202304

Angående plan for Regulering av område E51. Så må det komme på plass en skikkelig avtale på veirett, der det kommer fremm alle avtaler ang bruk og vedlikehold. Ser og på det som en selvfølge, at eg ikke får kostnader med en regulering, i dette området.

Mvh Torstein Haugen
Sendt fra min iPhone



MULVIK AS
Holmen 7
6100 VOLDA

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Vanylven kommune gnr38 bnr8 mfl Detaljregulering for E51 – Krokenesvågen Oppstart - til uttale

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Vi har fått varsel om oppstart av arbeid med detaljregulering av gnr 38 bnr 8 i på austsida av Krokenesvågen i Syltefjorden. Planområdet utgjer om lag 18,7 dekar og er i kommuneplanen sett av til næringsområde (E51) for fiskeri, med krav til detaljregulering. Området i sjø er sett av til hamneområde. I oppstartsvarelet er det gjort greie for at i kystsoneplanen som er under arbeid, er planområdet sett av til fiskeri med føresegn som følgjer: «Innan havområde omfatta av dette arealformålet, vert det ikkje gitt tillating for tiltak i vassøyla og/eller på havbotn som kan ha ei negativ/øydeleggjande effekt på lokale fiskebestandar og tilhøyrande fiskeriverksemd».

Eksisterande bygningsmasse innanfor E51 består av naust og brakker i ulik forfatning. Det er etablert fleire kaier og flytebrygger i området, der nokre er i god stand og andre ikkje. Planen legg opp til noko justering av føremålsgrensa mellom E51 og H10 (sjøområdet) for å kunne sikre kaier og flytebrygger.

Forslagsstillar ønskjer gjennom planarbeidet å legge til rette for vidare drift med høve til utvikling av den maritime næringa (fiskeri).

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfagleg

Planen vil legge opp til å fortsetje eksisterande drift og potensielt utvikle næringsverksemda, der ein oppgraderer dei kaiene som er i dårleg stand og legg til rette for øvrige funksjonar som naturleg høyrer til ei fiskeriverksemd. Naust som er i dårleg stand skal sanerast og det skal gjerast ei generell opprydding av området. Vidare ønskjer ein å føre opp bygg for lager og vedlikehald av utstyr samt montering/reparasjon av vegn til eige bruk. Det er ikkje snakk om stor industriell produksjon med fleire arbeidsplassar. Ein legg opp til noko utfylling i sjø.

Natur- og miljøvern (naturmangfald, landskap, friluftsliv, grønstruktur)

Etter det vi kan sjå ligg det ikkje føre registreringar av natur eller artar verken på land eller i sjø, men dette betyr ikkje at det ikkje er viktig naturmangfald i området. Sjøen er ein del av ei lita og skjerma bukt med spesiell utforming som ei klo/krok. Flyfoto viser at det er utfyllingar i sjø i planområdet, men området ser ut til å vere lågt utnytta. Utfylling i sjø er i utgangspunktet uønska, og vi ber om at ein minimerer vidare utfylling i sjøen, både av omsyn til naturmangfald og for å ivareta det naturgjevne landskapet. Ut frå skisserte føremål med planen bør vidare utfyllingsbehov vere minimalt.

Vi minner om at det må gjerast ei vurdering etter naturmangfaldlova. Etter § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Det må gå klart fram av planomtale og saksutgreiing korleis desse prinsippa er tatt omsyn til og vektlagt. Manglande vurdering etter naturmangfaldlova vil vere ein saksbehandlingsfeil.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. DSB har utarbeidd ein rettleiar «[Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging](#)». Denne tilrår mellom anna at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen. De kan finne oppdatert sjekkliste på vår [heimeside](#) om de vil nytte sjekklista til Statsforvaltaren som eit hjelpemiddel i arbeidet med analysen.

Vi ser at planområde ligg under marin grense på *marin strandavsetting – samanhengande dekke* og elles utsett til for stormflod og framtidig havnivåstigning.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

Vi gjer merksam på «[Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#)». Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. «[Klimaprofil Møre og Romsdal](#)» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket.

Det er viktig at ROS-analysen inkluderer ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak. Det bør leggjast vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem. Varetaking av arealbruk med verdi for klimatilpassing kan òg medverke til auka kvalitet i uteområde. Planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne

strukturar og forsvarleg overvasshandtering. Det skal grunngjevast dersom naturbaserte løysingar ikkje veljast. Miljødirektoratet har laga ein rettleiar til [korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar](#).

Forureining

Ved ønske om utfylling i sjø må Statsforvaltar vurdere om dette er søknadspliktig etter forureiningslova.

Konklusjon

Vi viser til våre merknader og ber om at desse takast med i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
underdirektør plan og klima

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Trygve Winter-Hjelm, tlf.: 71 25 85 98



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

PER MULVIK AS
Holmen 7
6100 VOLDA

Vår dato: 11.06.2024

Vår ref.: 202410264-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVEs uttale til varsel om oppstart av detaljregulering - E51 - Krokenesvågen - PlanID: 1511-202304 - Vanylven kommune

Vi viser til brev datert 28.05.2024.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for vidare drift og potensiell utvikling av eksisterande næring knytt til fiskeri innanfor område E51 i kommunens arealdel.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

Konkrete innspel

Kvikkleireskredfare

Etter det vi kan sjå av aktsemdskarta våre for kvikkleire blir omfatta store delar av området av aktsemdskarta våre for kvikkleire. Det kan derfor ikkje utelukkast funn av kvikkleire innanfor området. Dersom det ønskes oppført nybygg, oppføring av kaianlegg eller utfyllingar i sjø, må forholdet til kvikkleireskredfare avklarast som del av planarbeidet i samsvar med KMD sitt (no KDD) rundskriv H-5/18 [Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling](#) og NVE sin rettleiar 1/2019 [Sikkerhet mot kvikkleireskred](#). Desse vurderingane kan ikkje utsetjast til byggjesak.

Generelle råd

For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre [internettsider for arealplanlegging](#). Der er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til [Kartbasert](#)



[rettleiær for reguleringsplan](#). Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

NVE si oppfølging av planarbeidet

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE.

NVE prioriterer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Finn Herje
Senioringeniør

Godkjent av Peer Sommer-Erichson
Seniorrådgiver

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

PER MULVIK AS

Kopimottakarliste:

Vanylven kommune

Mulvik As
Att:
Holmen 7
6100 Volda

Fiskeridirektoratets uttalelse – arbeid med detaljregulering E51 gnr38 bnr8 mfl. – Vanylven kommune

Vi viser til deres oversendelse datert 10.03.2025 i forbindelse med utarbeidelse av en detaljreguleringsplan som ved en inkurie ikke ble sendt til Fiskeridirektoratet ved varsel om oppstart av planarbeidet.

Det bes derfor om tilbakemelding på utkast til planomtale og bestemmelser.

Oppsummering

Vi vurderer at planforslaget ikke vil komme i vesentlig konflikt med fiskeriinteressenes bruksområder. Men det må tas hensyn til kysttorskens gytesuksess, og vi ber om at gytefeltet for kysttorsk blir hensyntatt i planarbeidet og planbestemmelsene. Fiskeridirektoratet tilrår at utfylling i sjø, som kan medfører spredning av partikler i vannmassen og/eller undervannsstøy, ikke blir gjennomført i tidsrommet 1. februar til 1. juni, og vi anbefaler at den generelle anbefalingen til HI legges til grunn.

Videre forutsetter vi at det tas spesielt hensyn dersom det eventuelt står låssatt fisk i Kroknesvågen, og at fiskeriaktørene varsles før utfylling i sjø igangsettes.

Saken gjelder

Det ønskes å legge til rette for videre drift og mulig utvikling av eksisterende næring knyttet til fiskeri innenfor område E51 i kommuneplanens arealdel. I gjeldende kommunedelplan er det satt krav om detaljregulering før utbygging i området E51.

I kystsoneplanen som er under arbeid legges det opp til formålet fiskeri (FI528).

Fiskeridirektoratets rolle i planarbeid

Fiskeridirektoratet har som formål å fremme lønnsom og verdiskapende næringsaktivitet gjennom bærekraftig og brukerrettet forvaltning av marine ressurser og marint miljø. Vi skal medvirke i planlegging etter plan- og bygningsloven i kyst- og sjøområder når fiskeri- og akvakulturinteresser, inkludert marint miljø og biologisk mangfold som er viktig for næringene, blir berørt.

Generelle råd om arealplanlegging for fiskeri og akvakultur

På nettsiden [Arealplaner \(fiskeridir.no\)](http://Arealplaner(fiskeridir.no)) har Fiskeridirektoratet samlet sin generelle planveiledning om fiskeri og akvakultur. Der informerer vi og gir råd om blant annet

- arealbehovet til sjømatnæringene
- kunnskapsgrunnlaget i kartløsningen «Yggdrasil»
- kriterier Fiskeridirektoratet benytter for å vurdere hvilke spørsmål som er av nasjonal eller vesentlig regional betydning innenfor saksområdene fiskeri, og tang- og tarehøsting, jamfør plan- og bygningsloven § 5-4
- hvordan fiskeri- og akvakulturinteresser kan sikres i plankart og -bestemmelser

Fiskeri- og akvakulturinteresser i området

Fiskeriinteresser

Det er registrert et område for passive fiskeredskap (garn) og et område for aktive redskap (not), henholdsvis cirka 420 meter og rundt 470 meter fra planområdet. I Krokenesvågen er det registrert en låssettingsplass (Mjågeneset) for sild, sei, makrell og brisling. Denne ble i 2017 beskrevet å ha en relativt hyppig bruksfrekvens (0-5 år).



Skjermdump fra Yggdrasil [Plan og sjøareal \(fiskeridir.no\)](http://Plan%20og%20sjøareal(fiskeridir.no))

Akvakultur

Det er ingen akvakulturlokaliteter i sjø i nærområdet.

Marint biologisk mangfold

Havforskningsinstituttet (HI) har kartlagt gytefelt for kysttorsk i dette området. Gytefeltet «Syltefjorden» er vurdert til å være regionalt viktig med middels egg (2) og stor tilbakeholdelse av egg (3), og har gytefeltverdi 5 (nest høyeste verdi).

Vurdering av planforslaget

Planarbeidet vil etter vår vurdering ikke medføre konflikt med registrerte områder for aktive og passive fiskeredskaper.

I tillegg til kartfestede fiskeriinteresser har vi brukt sporingskilder som AIS (Automatic Identification System) sammenholdt med sluttseddeldata og Fiskeridirektoratets posisjonsrapportering VMS (Vessel Monitoring System) for å vurdere fiskeriaktiviteten i området. Ut fra sporing fremkommer det at det er noe aktivitet, og innrapporterte låssettinger til Sildesalgslaget viser en rekke innmeldte låssettinger av fisk i Krokenesvågen i perioden fra 2004 og til den siste 27.08.2023. Det er meldt inn låssetting av både makrell, NVG-sild og hestmakrell. Vi har også vært i kontak med en lokal fisker som har benyttet låssettingsplassen gjennom mange år, og som har god kunnskap om bruken av den.

Vår samlede vurdering er at planlagt detaljregulering ikke kommer i vesentlig konflikt med bruken av låssettingsplassen i Krokenesvågen.

Men siden det planlegges utfylling i sjø innenfor planområdet og svært nær låssettingsaktiviteten må det tas spesielt hensyn dersom det eventuelt står låssatt fisk her, og fiskeriaktørene må varsles før utfylling igangsettes.

Videre er det viktig å beskytte ressursområder for fiskeri mot negativ påvirkning. Tiltak som fører til spredning av partikler eller undervannsstøy i vannmassene kan påvirke kysttorskens gytesuksess negativt. Kysttorsk som skal gyte kan bli skremt vekk fra steder der de har hatt gytesuksess over tid, og den er særlig sårbar i tidlige livsfaser.

I denne saken har HI registrert et regionalt viktig gytefelt for torsk i Syltefjorden. Den delen av planområdet som ligger i sjø er i dette gytefeltet, som er et ressursområde for fiskeri som kan bli påvirket av tiltak i sjø.

Det er ingen registreringer av marine naturtyper i Krokenesvågen eller det umiddelbare nærområdet til planlagte tiltak. De nærmeste registreringene ligger utenfor vågen, og er to større tareskogforekomster med kun stortare. Disse ligger henholdsvis rundt 780 meter nord for tiltaket (ved Tunheimsfluda), og 820 meter vestenfor utenfor Vikebogen.

Når det planlegges utfylling i sjø innenfor kjente gytefelt vurderer vi det som nødvendig at det opplistes avbøtende krav i planbestemmelsene for å ivareta gytefelt, gytesuksessen og tidlige livsstadier for torsk på best mulig måte. Tiltak for å begrense partikkelspredningen mest mulig må fastsettes. Avbøtende tiltak kan blant annet være at det skal brukes siltskjørt/-gardin eller tilsvarende for å hindre/ redusere spredning av partikler, overvåking og kontroll, at det benyttes rene utfyllingsmasser, at massene legges ut skånsomt, og at utfylling av masse ikke skal skje i gyteperioden for torsk (februar – april), og heller ikke i løpet av de tidlige livsfasene (mai – juni).

Det er mulig å ta hensyn til kysttorskens gytesuksess og dens tidlige livsstadier ved å sikre at arbeid som medfører spredning av partikler og undervannsstøy i vannmassene blir gjennomført utenom gytetiden og den tiden yngelen bunnsår. Vi tilrår derfor at utfylling i sjø ikke tillates i perioden fra 1. februar til 1. juni i dette området.

Utfylling i sjø

Dersom det planlegges å bruke fyllmasse fra områder med fare for sulfidholdige bergarter, må tiltakshaver påse at dette kontrolleres før utfylling. Stein fra sulfidholdige bergarter anses ikke som rene masser.

Ved utfylling i sjø må det tas hensyn til eventuell påvirkning på livet i havet. Utfylling kan, dersom det benyttes utfylling med uvasket sprengstein, medføre risiko for blakking av sjøvann på grunn av finpartikler, og nedslamming lokalt i sjøområdet. Blakking av sjøvann og nedslamming kan representere en trussel mot fisk og annet liv i sjøen.



Utfylling av sprengstein i sjø vil medføre økt turbiditet/partikkelspredning i vannmassene, og innebære risiko for spredning av ikke-omsatt sprengstoff og metaller fra bergmassene. Metallers giftvirkning for vannlevende organismer er godt dokumentert i litteraturen. Partikkelspredning må derfor begrenses mest mulig.

Nydannet bore- og sprengstøv kan inneholde skarpe, flisige eller nåleformede partikler. Sprengstein kan derfor inneholde store mengder partikler og avfall etter sprengningsarbeidet. Det kan for eksempel være rester av nonel-slanger (plastslinger), og udetonert sprengstoff. Sistnevnte kan føre til eutrofiering på grunn av nitratmengden. Det er ikke ønskelig at skarpe, flisige eller nåleformede partikler spres i vannmassene. Disse kan sette seg i gjellene på fisk og skade disse, forårsake kvelning og gi sårdannelse i annet biologisk vev. De kan også være skadelig for andre vannlevende organismer, spesielt stedbundne. Fysiske egenskaper ved mineraler fra harde bergarter medfører et særlig stort skadepotensial i denne sammenheng.

Planbestemmelser

Vi kan ikke registrere at krav for å unngå tiltak i sjø i gyteperioden for torsk og tidlige livsstadier er fastsatt i de foreslåtte bestemmelsene, eller at det er fastsatt noe konkret tidsperiode hvor tiltak i sjø ikke kan finne sted av hensyn til gytefeltet og tidlige livsstadier for torsk.

I planomtalens kapittel 8.6 «*Tilhøvet til krava i kap. II i naturmangfaldslova*» sies det bl.a. under «*Biologisk mangfald i sjø*» at «*I fiskeridirektoratet sin kartbase er Syltefjorden inkl. Krokenesvågen avmerkt som eit regionalt viktig gytefelt for torsk medan det meir avgrensa gyteområdet ligg utanfor vågen i det djupare partiet av Syltefjorden. Torsk gyter normalt på djupner mellom 40 og 100 meter medan djupna i Krokenesvågen er ned mot ca. 13 meter på det djupaste. I «veileder om planlegging i sjøområdene» står det at «gyte- og oppvekstområde kan visast som fiskeføremål, omsynssone naturmiljø eller begge deler». Sidan sjølve gyteområdet ligg utanfor plangrensa er det heller ikkje avmerkt omsynssone for dette i plan».*

Dette er etter vår vurdering en tolking av registrerte data som ikke helt medfører riktighet. Vi vil derfor opplyse om at gyteområder registrert av Fiskeridirektoratet er kartlagt gjennom intervjuer med fiskere, og er definert som områder der fiskere får fisk med rennende rogn. Havforskningsinstituttets kartlegging av gytefelt for kysttorsk langs kysten baserer seg på en naturvitenskapelig metode, hvor det er undersøkt tilstedeværelse av egg (gjennom feltundersøkelser og hovtrekk) og grad av retensjon, eller tilbakeholdelse av egg (gjennom simuleringer). Denne forskjellen på kartleggingsmetoder er hovedårsaken til at Hls registreringer av gytefelt som regel er betydelig større og omfatter grunnere områder enn Fiskeridirektoratets kartlegging av gyteområder.

Det er derfor ikke helt riktig å konkludere med at «...*det meir avgrensa gyteområdet ligg utanfor vågen i det djupare partiet av Syltefjorden*» og at «... *sjølve gyteområdet ligg utanfor plangrensa...*». Spesielt når det er viktig å ivareta tidlige livsstadier til kysttorsk som bunnsblår i grunne sjøområder innenfor de registrerte gytefeltene. Med tanke på potensielle tiltak i sjø som kan ha negativ påvirkning på gytesuksessen i det registrerte gytefeltet for kysttorsk minner vi om at de hensyn og restriksjoner som er fastsatt gjennom hensynssoner til kommuneplanens arealdel, jf. §§ 11-8 og 11-10, skal legges til grunn for utarbeiding av reguleringsplan. Hensynssoner kan videreføres i reguleringsplan eller innarbeides i arealformål og bestemmelser som ivaretar formålet med hensynssonen.

Bakgrunnen for at vi anser viktigheten av at det så tidlig som mulig (og da allerede i reguleringsbestemmelsene) fastsettes konkrete tidsperioder for når tiltak i sjø ikke skal gjennomføres, er Havforskningsinstituttets kunnskap som generelt tilsier at man i gytefelt og



oppvekstområder for torsk bør være varsom med tiltak i sjø for å unngå støy, samt oppvirvling av slam og eventuelle miljøgifter. Dersom tiltak skal gjøres i eller i umiddelbar nærhet til gytefelt og gyteområder anbefaler HI at anleggsperioden i størst mulig grad legges utenfor gyte- og larveperioden for fisk slik at de umiddelbare effektene blir minst mulig.

Vi vil også nevne at HI i desember 2019 blant annet oppsummert i en uttalelse om gytefeltet for torsk i Borgundfjorden sa at «*Spesielt grunne områder mellom 0 og 2 m dyp er viktige for torskelarver som søker mot bunnen (Karlsen og van der Meeren, 2013), og yngelen vokser opp typisk på dyp mellom 1 og 10 meter*». Deres kunnskap tilsier at man bør være varsom og unngå oppvirvling av slam (partikkelspredning) og støy i gytesesongen også i grunne områder.

Videre viser vi til at det i en tidligere utfyllingssak fra Åfjord kommune, der utfyllingsområdet var innenfor et regionalt viktig gytefelt for torsk, ble innhentet faglige råd fra HI. I brevet fra HI datert 09.03.2020 uttales det at «*Tiltak i form av mudring og utfylling vil kunne ha både midlertidige og permanente effekter på et gytefelt. Tiltak i selve gytetiden kan ha skremmeeffekter på voksen gytende fisk, samt at løste partikler i vannet kan ha en negativ effekt på overlevelse hos tidlige livsstadier*».

HI anbefalte videre på generelt grunnlag at: «*... tiltak som mudring og utfylling som skal gjøres i nærheten av gytefelt bør i størst mulig grad gjøres utenfor gytetiden og den tiden yngelen bunnsår. Dette angis som regel som perioden februar til juni. Bruk av siltgardin for å hindre spredning av partikler i vannet vil også være et ønskelig tiltak som kan begrense skade på yngel som gjennom sommeren og utover høsten lever i oppvekstområder i nærheten av gytefeltene*».

Det er derfor viktig at alle nødvendige krav om avbøtende tiltak for å ivareta gytefeltet, tidlige livsstadier og gytesuksessen totalt sett for torsk, på best mulig måte, i så stor grad som mulig tas med i planbestemmelsene. Vi forutsetter generelt at utfylling i sjø gjøres utenfor gytetiden for torsk og den tiden yngelen bunnsår. Dette angis som regel som perioden fra 1. februar til 1. juni i dette området. Siden vi ikke kan se at det er omtalt i bestemmelsene vurderer at foreslåtte reguleringsbestemmelser kan være mangelfulle.

Vår vurdering og erfaring er at det er en fordel om dette er fastsatt allerede i bestemmelsene når det er nødvendig. Spesielt når tiltak i sjø vurderes å kunne påvirke gytefelt og tidlige livsstadier for torsk negativt. Bestemmelsene bør være klare og dekkende med tanke på tidsperiode for tiltak i sjø i forhold til gytefeltet med tilhørende aktivitet. Når påvirkningene fra tiltaket vurderes som negative, må det i bestemmelsene blant annet også fastslås for eksempel at «*Utfylling av masser skal ikke skje i gyteperioden for torsk, fra februar til og med april, eller i perioden som torskelarver bunnsår fram til 1. juni*».

Fiskeridirektoratet er en av flere høringsinstanser som bidrar med nærmere avklaring av detaljer omkring gjennomføringen av tiltak som utfylling, mudring, dumping og sprenging i sjø som vedtas av statsforvalterne etter forurensningsregelverket. I slike tilfeller som i denne saken vil tidsperioden hvor tiltak ikke bør gjennomføres være noe vi ber om i våre uttalelser til statsforvalternes behandling av søknader om tiltak i sjø i områder med kjente gytefelt/gyteområder for torsk. I en slik sammenheng er vi opptatt av å unngå og/eller avbøte negative konsekvenser for fiskerienes bruksområder og interesser, i tillegg til marint biologisk mangfold og ressursområder for fiskeriene.

Med bakgrunn i dette vurderer vi at fastsettelse av tidsperiode for når tiltak i sjø ikke skal skje er sentralt for å ivareta gytefeltet og tidlige livsstadier til torsk. Vi anbefaler derfor at den generelle anbefalingen til HI legges til grunn.



Videre planprosess

Fiskeridirektoratet ber om at innspillene ovenfor blir tatt hensyn til i det videre planarbeidet. Ved videre kontakt i saken, vær vennlig å vise til vårt saksnr. 25/4328 og benytte e-post-adressen postmottak@fiskeridir.no.

Med hilsen

Tom Hansen
seksjonssjef

Ole Einar Jakobsen
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og sendes uten håndskreven underskrift.

Mottakerliste:

Mulvik As	Holmen 7	6100	Volda
-----------	----------	------	-------

Kopi til:

Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Statsforvaltaren i Møre Og Romsdal	Postboks 2520	6404	MOLDE

